



FORELØPIG
19.02.2024

Fv. 49 Nordrepollen- Austrepollen

Forslag til planprogram for detaljreguleringsplan

PlanID: 20230001

Dato: XX.XX.2023

Oppdragsnavn **Reguleringsplan for fv. 49 Nordrepollen - Austrepollen**
 Prosjekt nr. **3780055365**
 Dokument type **Planprogram**
 Versjon **002**
 Dato **19.02.2024**
 Utført av **Ragnhild Børke Andresen og Sissel Røste Strømsjordet**
 Kontrollert av **Sissel Røste Strømsjordet**
 Godkjent av **Ole Johan Sæverås**

Revisjon	001	002		
Dato	22.09.2023	19.02.2024		
Utarbeida av	Ragnhild B Andresen	Ragnhild B Andresen		
Kontrollert av	Sissel Røste Strømsjordet	Sissel Røste Strømsjordet		
Godkjent av	Ole Johan Sæverås	Ole Johan Sæverås		
Omtale	Planprogram til høyring	Revidert planprogram etter høyring		

Revisjonsoversikt

Revisjon	Dato	Revisjonen gjelder
002	19.02.2024	Revidert planprogram etter høyring

INNHALD

1.	GENERELT	5
1.1	Målet med planarbeidet	5
1.1.1	Bakgrunn	5
1.2	Lokalisering	8
1.3	Planområde	9
1.4	Eigedomsforhold	10
2.	VARSEL OM OPPSTART PLANARBEID	11
2.1	Varsling av planoppstart	11
2.2	Innkomne merknader	11
3.	UTGREIINGSPLIKT	11
4.	SITUASJONEN I DAG	12
4.1	Eksisterande veg	12
4.2	Framkomst	16
4.3	Skred	16
4.4	Austrepollen	17
4.5	Nordrepollen	20
5.	OMTALE AV TILTAKET	22
6.	PLANPROSESSEN	22
6.1	Organisering	22
6.2	Framdrift i planarbeidet	23
6.3	Medverknad i planprosessen	24
7.	RAMMER OG FØRINGER FOR ARBEIDET	24
7.1	Eksisterande planer og overordna føringar	24
7.1.1	KVU – E134 arm mot Bergen	24
7.1.2	Kommuneplanen sin arealdel	25
7.1.3	Gjeldande reguleringsplanar	27
7.1.4	Regionale planar og prosjekter	28
7.1.5	Nasjonale mål og retningslinjer	28
7.2	FNs berekraftsmål	29
7.3	Forholdet til anna lovverk	29
8.	KRAV OG MÅL	30
8.1	Standardkrav	30
9.	ALTERNATIV	30
9.1	0-alternativet	30
9.2	Alternativ 1: linje B-F	30
9.3	Alternativ 2: linje B-G/GI	31
9.4	Alternativ 3: B- J	32
10.	SAMFUNNSØKONOMISK ANALYSE	33
10.1	Metodikk for prissette konsekvensar	34
10.2	Metodikk for ikkje-prissette konsekvensar	34
10.3	Samanstilling ikkje-prissette fagtema	35
10.4	Andre utgreiingstema	36
10.5	Samanstilling og anbefaling	37

11.	ANTATTE PROBLEMSTILLINGAR OG BEHOV FOR UTGREIING	38
11.1	Landskapsbilete	38
11.2	Naturmangfald.....	38
11.3	Kulturarv	40
11.4	Naturressursar.....	42
11.5	Friluftsliv, by- og bygdeliv	43
11.6	Andre utgreiingstema	44
11.6.1	Transport og trafikk.....	44
11.6.2	Massehandtering.....	45
11.6.3	Risiko og sårbarhet	45
12.	REGULERINGSPLAN.....	48
13.	REFERANSER.....	48

1. GENERELT

1.1 Målet med planarbeidet

Målet med planarbeidet er å avklare og regulere ny vegtrasé for fv. 49 mellom Nordrepollen og Austrepollen. Det vert gjennomført konsekvensutgreiing for fleire aktuelle alternativ for å auka kunnskapen om desse. Etter at utgreiingsarbeidet er slutført, utarbeidast planforslag for alternativet som kjem best ut etter ei samla vurdering av konsekvensutgreiing, tekniske forhold og mål for prosjektet.

1.1.1 Bakgrunn

Strekninga fv. 49 Nordrepollen - Austrepollen er ein del av vegnettet mellom Odda og Norheimsund og vidare mot Bergensområdet. Strekninga er dels smal og har dårleg kurvatur. I tillegg er den svært skredutsett. Det er definert 4 skredpunkt mellom Nordrepollen og Austrepollen; Bergsfjelltunnelen nord-Kjøylebukta og Mjøstølneset-Bergsfjelltunnelen sør, begge med skredfarekategori høg, og Furekambgjelet og Bussevika med skredfarekategori låg.

Styret i Jondalstunnelen AS sende i 2016 innspel til tidlegare Hordaland fylkeskommune om å nytte midlar frå bompengeprojektet Jondalstunnelen til å utbetre strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen. Bakgrunnen for dette var at bompengeinntektene i prosjektet er større enn forventa.


Vedtak frå Jondalstunnelen AS er vist nedanfor:

«Vedtak: Styret for Jondalstunnelen AS vedtek at det vert sendt eit brev til Hordaland fylkeskommune med innspel om å få eit utbetra veg/ tunnelsamband mellom Austrepollen og Nordrepollen i Kvinnherad kommune nemnt som eit aktuelt nytt prosjekt i regional trafikkplan for Hordaland fylke, finansiert med større bompengeinntekter enn forventa i Jondalstunnelen. Tiltaket har som siktemål å heva trafikktryggleiken og fjerna «flaskehalsar». Samrøystes.»

På grunnlag av dette, og dialog med dei dåverande kommunane Kvinnherad, Odda, Kvam og Jondal, vart det i regi av Hordaland fylkeskommune, gjennomført eit forprosjekt i 2018 for å vurdere aktuelle alternativ for utbetring av strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen. Forprosjektet vart gjennomført av Norconsult. I rapporten (1) kjem det fram at det ikkje er noko alternativ å satse på utbetring av eksisterande veg, både med tanke på skredfare langs strekninga og krevjande anleggsgjennomføring. Det er difor ulike tunnelloysingar som er vurdert.

Norconsult har vurdert 3 ulike tunnelpåhugg ved Nordrepollen og sju ulike tunnelpåhugg ved Austrepollen. Etter siling av alternativ, vert det tilrådd ei vidare utgreiing av veglinje 1 og 6, der ein og tek med vurderingar av alternativ linje mot påhogg E for linje 1. Det beste påhugget i Nordrepollen er vurdert til å vere påhugg B. I Austrepollen er aktuelle påhugg J, E og F. Norconsult tilrår nærare grunnundersøkingar som kan gje betre grunnlag for endeleg val mellom variantane.

Kartet i Figur 1-1 viser alternativa som Norconsult har utgreidd i sitt forprosjekt i 2018.




Figur 1-1 Oversiktskart over alternativ som er vurdert i forprosjektet til Norconsult (1).

Vestland fylkeskommune har med bakgrunn i Norconsult sitt arbeid, sett nærare på aktuelle påhugg og veglinjer i eit teknisk forprosjekt datert 21. juni 2021 (2). Der vart det sett på totalt fem påhuggsområde, der fire av desse er i Austrepollen. Dette ga sju ulike linjealternativ, vist i Figur 1-2. Det vart konkludert med at alternativa B-F og B-G/GI skulle inngå i vidare reguleringsplanarbeid og konsekvensutgreiast der.

1.2 Lokalisering

Planområdet ligg innerst i Maurangerfjorden, mellom fjordarmene Nordrepollen og Austrepollen.



Figur 1-3 Lokalisering av planområdet.




Figur 1-4 Ortofoto av området.

1.3 Planområde

Forslag til planområde dekkjer eit areal på 6933 daa.

Planområdet vert utvida noko mot aust i Austrepollen, då det etter varsel om oppstart er avklart at også alternativ J skal greiast ut. Utviding av planområdet vert samtidig varsla som planprogrammet vert lagt ut på høyring.



Figur 1-5 Planområdet si avgrensning. Raud strek viser område ved varseling oppstart

1.4 Eigeomsforhold

Planområdet omfattar følgjande eigedommar:

Gnr/bnr	Heimshavar
55/1	Oddny Johanne Øyre
55/2	Ingfrid Øyre
55/3	Borghild Vaarvik Øyre
55/4	Jakob Gjerde
55/5	Per Flatebø
55/6	Samson Bakke
55/7	Statkraft Energi AS
55/12	<i>Matrikkel utan adresse (fylkesveg 49)</i>
56/1	Olav Nerhus Hatteberg
56/2	<i>Matrikkel utan adresse (fylkesveg 49)</i>
57/1	Knut Arne Øvrehus
57/2	Grethe Hesvik
57/3	Norvald Øvrehus
57/4	Knut Inge Øvrehus
57/5	Gaute Bondhus
57/7	Gaute Bondhus
57/9	Per Flatebø
57/10	Eirunn Steine og Knut Inge Øvrehus
57/17	Statkraft Energi AS
57/18	<i>Matrikkel utan adresse (fylkesveg 49)</i>

57/20	<i>Matrikkel utan adresse (fylkesveg 49)</i>
58/1	Jakob Gjerde
58/3	Austrepollen Grendahus
58/5	Anders Godtskalk Gjerde
58/6	Statkraft Energi AS
58/8	<i>Matrikkel utan adresse (fylkesveg 500)</i>
58/14	Jakob Gjerde og Fossabekken AS

2. VARSEL OM OPPSTART PLANARBEID

2.1 Varsling av planoppstart

Kunngjering av oppstart planarbeid vart send ut 20.februar 2023, med frist for høyring 31.april 2023. Etter høyring og dialog med kommunen er det avklart at også alternativ J skal greiast ut. Varsel om utviding av planområde vert send ut saman med planprogrammet (figur 1.6 Kap 1.3)

2.2 Innkome merknader

Ved varsel om oppstart kom følgjande innspel inn:

Offentlege:

- Statsforvaltaren i Vestland
- Fiskeridirektoratet
- Statskraft
- Vestland fylkeskommune Næring, plan og innovasjon
- Statens vegvesen
- Statnett
- Kystverket
- Kvinnherad kommune

Private:

- Jarle Øvrehus
- Knut-Inge Øvrehus

Innspele handlar mellom anna om val av linjer og kva for linjealternativ som skal vere med i utgreiinga, samt om ulike sektorinteresser. Fleire innspel, mellom anna innspelet frå Kvinnherad kommune, handlar om at ein også bør utgreie alt. J. Dette er imøtekomme, og alternativet vert vurdert i konsekvensutgreiinga. [Merknadsdokumentet ligg ved som vedlegg til dette dokumentet.](#)

3. UTGREIINGSPLIKT

Forskrift om konsekvensutgreiing set krav om å gjennomføre ei konsekvensutgreiing for reguleringsplanar som gjeld vegtiltak med ein investeringskostnad på over 750 mill. kr. Det vert vurdert at dette tiltaket kan komme opp i denne kostnadsramma, og at det dermed utløyser krav om konsekvensutgreiing. Tiltaket vert óg vurdert til å kunne få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, og skal vurderast etter § 8, §10 og vedlegg II i forskrifta. Presentasjon av miljøtema i kapittel 11 viser noko av konfliktpotensialet i området. I tillegg vil bygging av tunnel medføre store mengder overskotsmassar som må handterast.

Arbeidet vil skje i eit område som er utsett for skred. Forskrifta set krav om konsekvensutgreiing knytt til «risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom». Dette vil vere mest aktuelt i anleggsfasen. I ettersituasjonen vil skredfaren vere mindre enn langs eksisterande veg.

4. SITUASJONEN I DAG

4.1 Eksisterande veg

Fv. 49 går gjennom kommunane Ullensvang, Kvinnherad, Kvam, Samnanger og Bergen. Strekninga er eit viktig bindeledd mellom regionsenter og by, mellom Odda, Norheimsund og Bergen. Fv. 49 er ein viktig regional og lokal veg for lokalsamfunnet langs ruta. Veggen vert nytta til lokal pendling mellom kommunane i Hardanger og som rute for dagpendling til og frå Bergensområdet. Fv. 49 er eit av fleire ruteval for strekninga Odda – Bergen. Fylkesvegen bind saman riksveg 13 i Odda med E16 i Trengereid, ei strekning på 95 km.

Fylkesveg 49 er klassifisert som B-vegnett, og er ein regionalt viktig veg som bind store delar av Hardanger til europa- og riksvegnettet. Det er svært varierende standard langs fv. 49, og strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen er ei strekning som har smal veg, dårleg kurvatur og til dels vanskeleg framkomst der det ikkje er plass for to køyretøy å møtast utanom møteplassar. Strekninga langs fjorden går i hovudsak langs område utan busetnad.

Gjennom Folgefonntunnelen er ÅDT om lag 800 (2022). Frå kryss med fv. 500 i Austrepollen og til Nordrepollen, har fv. 49 ein ÅDT (2022) på om lag 800. Det er ikkje registrert trafikkulykker med personskade på strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen i perioden 2010-2019.

Dagens veg går langs fjellfoten og fjorden. Strekninga har dårleg kurvatur og er smal, noko som resulterer i redusert hastigheit og framkome. Det er registrert om lag 84 skredhendingar mellom Nordrepollen og Austrepollen. Fleire har ført til stengt veg. Omkøyringsmoglegheit ved stengt veg mellom Nordrepollen og Austrepollen er om lag 200 km.

Nedanfor er det gitt ein serie bilete frå strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen.






Vidare frå Nordrepollen, vert vegen smalare, og har ein dårleg kurvatur.



Sikring mot bekk går inn i vegbana. Overhengande fjellparti og dårlege grøfter. Terrenget er bratt både ovanfor vegen og ned mot fjorden.



Nordrepollentunnelen (lengde 700 m) med tunnelmunning mot Austrepollen. Skredsikring med fanggjerde utanfor tunnelen.




Smalare veg frå Nordrepollen-tunnelen i retning Austrepollen.



Ei meir oversiktleg strekning inn mot Austrepollen.




Austrepollen – fv. 49 går her gjennom busetnad og landbruksområde.

	<p>Kryss med fv. 500. Fv. 49 fortset mot venstre videre til Folgefonntunnelen og Odda.</p>
	<p>Like overfor kryss med fv. 500 i retning mot Folgefonntunnelen, har fv. 49 breiare veg og gul midtlinje.</p>
	<p>Sett frå utløpet av Folgefonntunnelen i retning Austrepollen.</p>

Figur 4-1: Bildeserie som viser parti av eksisterande veg mellom Nordrepollen og Austrepollen. Henta frå teknisk forprosjekt utarbeidd av Vestland fylkeskommune (2).

4.2 Framkomst

Som bildeserien i Figur 4-1 viser, er det smal veg og dårleg kurvatur på store delar av strekninga. Kartet i Figur 4-2 viser m.a. at det er nedsett fartsgrense 60 km/t på strekninga mellom Austrepollen og Nordrepollen, ei strekning på om lag 5 km. Det er ikkje busetnad langs denne strekninga, anna enn ved Austrepollen, der det er fartsgrense 50 km/t ved busetnaden.



Figur 4-2: Kartet syner fartsgrenser på strekninga Folgefonntunnelen-Jondalstunnelen. Henta frå teknisk forprosjekt utarbeidd av Vestland fylkeskommune (2).

4.3 Skred

Kartet i Figur 4-3 viser skredhendingar registrert i Statens vegvesen sitt vegkart. Som figuren viser, er det tett med skredhendingar langs strekninga Nordrepollen-Austrepollen, samt på strekninga inn mot Folgefonntunnelen. Det er gjort tiltak med skredsikring langs delar av strekninga, men det er ikkje mogleg med tilstrekkeleg sikring langs eksisterande veg langs fjorden.



Figur 4-3 Skredhendingar registrerte i Statens vegvesen sitt vegkart (3).

4.4 Austrepollen


Austrepollen og Nordrepollen er bygder som ligg i dels bratte dalføre ned mot fjordarmar med same namn, og som er ein del av Maurangerfjorden.

I Austrepollen er store deler av areala i botnen av dalen nytta til jordbruksareal. Det ligg gardar/bustader i tilknytning til desse jordbruksareala og langs vegane fv. 500 og fv. 49. Mauranger kraftverk ligg òg i dalbotnen. Kraftverket utnyttar fallet frå reguleringsmagasinet i Mysevattn og til sjøen i Austrepollen (4). Frå nordsida av kraftverket vert vann overført frå Jukla kraftverk, samt frå Blådalsvatn og Svartedalsvatn.

Lisidene er bratte og prega av beitemark og lauvvegetasjon.




Figur 4-4: Indre del av Austrepollen – inn mot Folgefonntunnelen



Figur 4-5: Område rett ved tunnelportal Folgefonntunnelen



Figur 4-6: Utsyn mot fjorden i Austrepollen – botn av dalen er prega av landbruksområde og med Mauranger kraftverk som sentralt element.



Figur 4-7: Bratte liser med lauvvegetasjon og beiteområde, og til dels stor skredfare



Figur 4-8 Ortofoto av Austrepollen. Henta frå Fylkesatlas Vestland (5).

4.5 Nordrepollen


I Nordrepollen er det òg jordbruksareal i dalbotnen, men det er noko meir naturleg vegetasjon langs elva. Sør for elva ligg eit massedeponi (regulert gjennom reguleringsplan for massedeponi Jondals-tunnelen- Mauranger).



Figur 4-9 Jordbruksareal ned mot fjorden i Nordrepollen



Figur 4-10 Vegen er noko utbetra frå Jondalstunnelen og ned mot fjorden. Aktuelt tunnelpåslag inn mot venstre i bilete



Figur 4-11 Motsett retning frå førre bilete - strekning inn mot Jondalstunnelen



Figur 4-12 Ortofotograf av Nordrepollen. Henta frå Fylkesatlas Vestland (5).

5. OMTALE AV TILTAKET

Innanfor planområdet skal det planleggast for tunnel mellom Austrepollen og Nordrepollen. Tiltaket inkluderer påhugg/tunnelportalar og eventuell ny veg for tilkopling til eksisterande fv 49 i Nordrepollen og Austrepollen. Tiltaket utgjør om lag 3,5 km vegstrekning av fv49. Mogleg massedeponi i sjø eller på land for overskotsmassar skal òg greiast ut. Gjennom planarbeidet skal ein greie ut kva for konsekvensar dei ulike alternativa får. På bakgrunn av konsekvensutgreiinga vil ein avgjere kva for påhugg/linje som ein vil gå vidare med.


6. PLANPROSESSEN

6.1 Organisering

Forslagsstillar for reguleringsplanen er Vestland fylkeskommune. Kvinnherad kommune er planmyndigheit og kan fatte vedtak etter Plan- og bygningslova sine reglar. Ifølgje plan- og bygningslova § 3-7 tredje ledd, kan myndigheiter med ansvar for større samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur etter samråd med planmyndigheiten, utarbeide og fremje forslag til arealplan for slike tiltak og vedta å leggje slike planer ut til offentleg ettersyn etter føresegnene for vedkommande plantype. Det er avklart at Kvinnherad kommune som planmyndigheit legg planprogram og planforslag ut på høyring i denne saka.

6.2 Framdrift i planarbeidet

Under følgjer ein forenkla figur av planprosessen:



Følgjande milepælar er sett opp for framdrifta:

Mnd/år	Milepæl-plan for planarbeid
Februar 2023	Varsel om oppstart/kunngjering av planarbeid utført 20. febr.-31. april
September 2023	Oversending av forslag til planprogram («kokebok for planarbeidet») frå Vestland fylkeskommune til Kvinnherad kommune for handsaming
Oktober 2023	Forslag til planprogram oppe til handsaming i Kvinnherad kommune, vedtak om utlegging til offentlig ettersyn
Nov-Des 2023	Offentleg ettersyn av planprogram
Des 2023-Jan 2024	Merknadshandsaming

Februar 2024	Oversending frå VLFK av ev. redigert planprogram til Formannskapet i Kvinnherad kommune
Februar/Mars 2024	Fastsett revidert planprogram av Kommunestyret i Kvinnherad kommune
August 2024	Oversending av planforslag frå VLFK til Kvinnherad kommune
Oktober 2024	Vedtak utlegging av forslag til reguleringsplan til offentleg ettersyn av Formannskapet i Kvinnherad kommune (1. gangs behandling)
Oktober/november 2024	Høyring/offentleg ettersyn av planforslag
November 2024	2. gangs behandling i formannskapet i Kvinnherad kommune
November/desember 2024	Vedtak av reguleringsplan av Kommunestyret i Kvinnherad kommune

6.3 Medverknad i planprosessen


Forslagsstillar vil leggje til rette for medverknad i tråd med krava gitt i plan- og bygningslova. Det vert lagt opp til medverknad gjennom varsel om oppstart (gjennomført våren 2023) og offentleg ettersyn av planprogram (haust 2023) og planforslag (planlagt haust 2024).

7. RAMMER OG FØRINGER FOR ARBEIDET

7.1 Eksisterande planer og overordna føringar

7.1.1 KVU – E134 arm mot Bergen

Det er gjennomført eit arbeid med konseptvalutgreiing (KVU) for E134 arm til Bergen. Arbeidet er no avslutta og rapporten med Statens vegvesen si tilråding er sendt til Samferdselsdepartementet. Rapporten skal gjennom ekstern kvalitetssikring (KS1) og ut på høyring, før avgjersle om konsept. Statens vegvesen har så langt vurdert konsept 1 (alt.1 på kartet) som det alternativet som samla sett kjem best ut. Strekinga fv 49 Nordrepollen – Austrepollen er ein del av dette alternativet. Mogelegheitene for å bygge trinnvis, samt store reisetidsforbetringar med å bygge ut dei viktigaste delane fysst, ligg til grunn for tilrådinga.



Figur 7-1 Aktuelle alternativ frå konseptvalutgreiinga for E134 arm mot Bergen

7.1.2 Kommuneplanen sin arealdel

I gjeldande kommuneplan sin arealdel er store delar av planområdet satt av til LNFR-formål. Ved område innerst i Nordrepollen og Austrepollen, er områda i hovudsak satt av til næringsbygningar, LNFR areal for spreidde bustader-fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m., samt til bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone. I Austrepollen er det òg eit område satt av til andre typar bygningar og anlegg, for naust.

Langs fjorden og eit stykke opp forbi eksisterande fv. 49, gjeld omsynssone for bevaring naturmiljø. Det er òg markert faresone for høgspenn i område, og flaumsone i dei utbygde områda både i Nordrepollen og Austrepollen.

Langs eksisterande fv. 49 gjeld omsynssone om at reguleringsplan framleis skal gjelde. Ei slik sone gjeld òg for eit område i Nordrepollen.




Figur 7-2 Utsnitt fra kommuneplanen sin arealdel for Kvinnherad 2016-2026 (trådte ikraft 22.03.2018).

Forslag til ny arealdel av kommuneplan har vore ute på høyring våren 2023, med høyringsfrist 08.06.2023. I forslaget er det mellom anna satt av område for ras- og skredfare, og ei omsynsone for *anna fare*. Det er ikkje lagt inn detaljeringssone om at eksisterande reguleringsplan skal gjelde der Fv. 49 går i dag. I Austrepollen er det satt av eit større område innerst i vika, til føresegnområde # 54. For område er følgjande foreslått:

For område i Austrepollen merkt føresegnområde #54 kan det gjerast utfyllingar i sjø for framtidig utbygging. Arealet er disponibelt for føremål som næring, bustad, turistføremål og hamn. Detaljert utnytting og form på utfyllinga skal framgå av reguleringsplan. Det må gjerast ein grundigare KU av området i reguleringsplan når form, omfang og bruk er kjent.

Det er satt av ei gjennomføringszone med krav om felles planlegging for området.



Figur 7-1 Utsnitt av forslag til ny arealdel av kommuneplan.

Under høringa har Vestland fylkeskommune mellom anna meldt inn følgjande knytt til dette prosjektet: *Me ber om at planområdet fv 49 Nordrepollen-Austrepollen som vist nedafor i samsvar med planoppstart, leggjast inn som omsynssone (pågåande planarbeid og omsynssone samferdselsformål i kommuneplanen).*

Kommuneplanen er fortsatt under arbeid.

7.1.3 Gjeldande reguleringsplanar

Innanfor foreslått planområdet gjeld følgjande reguleringsplanar:

- 4617_19950003 Reguleringsplan fv. 49 – Austrepollen – tunnelpåslag (trådte ikraft 26.01.1995)
- 4617_20050001 Reguleringsplan – Jondalstunnelen med tilkomstveggar (trådte ikraft 24.09.2009): Deler av plan vert oppheva og erstatta av ny detaljregulering for fv 49 Austrepollen - Nordrepollen ved vedtak
- 4617_20100003 Detaljregulering – massedeponi Jondalstunnelen – Mauranger (trådte ikraft 26.04.2012)

7.1.4 Regionale planar og prosjekter

Følgjande regionale planar vert vurdert som relevante i dette prosjektet:

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Strategi for mjuke trafikantar
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for klima 2022-2035
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033.
- Regional strategisk plan for kysten 2018-2029
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Reguleringsplan for FV49 Austrepollen – Nordrepollen er eit av fleire prosjekt som inngår i Vestland fylkeskommune sitt prosjekt «klima i planfase». Dette prosjektet har som mål å utforske handlingsrommet i planfasen for å oppnå mest mogleg klimagasskutt i medhald av Vestland fylkeskommune sine klimamål.

7.1.5 Nasjonale mål og retningslinjer

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 (Kommunal og distriktsdepartementet, vedtatt 20.juni 2023): «*Fylkeskommunane har ansvar for fylkesvegnettet og for kollektivtransport på land og sjø. Det regionale transportsystemet utfyller nasjonal infrastruktur og er avgjerandre for næringsverksemd, tilgang på tenester og busetjing.*»

Blant regjeringas forventningar er følgjande:

- *Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for vidare utbygging av eit godt samferdselsnett i heile landet.*
- *By- og omlandskommunar, saman med fylkeskommunane, vidareutviklar samarbeidet om transport på tvers av administrative grenser der det medverkar til effektiv ressursbruk, næringsutvikling, busetjing og sosial berekraft i ulike delar av fylket.*
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (26. september 2014). «*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikkikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange. Planleggingen skal legge til rette for tilstrekkelig boligbygging i områder med press på boligmarkedet, med vekt på gode regionale løsninger på tvers av kommunegrensene.*»
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, vedtatt 27.juni 2008). *Formålet med planretningslinjene er å:*
 - sikre at kommunene og fylkeskommunene prioriterer arbeidet med å redusere klimagassutslipp, og bidra til at klimatilpasning ivaretas som hensyn i planlegging etter plan- og bygningsloven.*
 - sikre mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i kommunene.*
 - sikre at kommunene bruker et bredt spekter av sine roller og virkemidler i arbeidet med reduksjon av klimagassutslipp og klimatilpasning, og bidra til avveining og samordning når*

utslippsreduksjon og klimatilpasning berører eller kommer i konflikt med andre hensyn eller interesser.

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (Kommunal og moderniseringsdepartementet, vedtatt 27.juni 2008). Formålet med retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen.
- Stortingsmelding 16 (2019-2020), *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement, bærekraft og mangfold*

Planforslaget skal òg ta omsyn til nasjonale mål og føringar når det gjelder ROS.

7.2 FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, redusere ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

7.3 Forholdet til anna lovverk

Plan- og bygningsloven

Det vert utarbeida reguleringsplan i medhald av plan- og bygningslov føresegner mellom anna basert på utarbeida planprogram og høyringa av dette. Planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutredningar (av 21.06.2017) jf. kap.2.

Naturmangfoldloven

Føremålet med lova er følgjande: *at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden.* Tiltaket vert vurdert ut fra naturmangfoldloven av 19. juni 2009 § 7 og §§ 8-12.

Kulturminneloven

Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i definisjonen i kulturminneloven av kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensutgreiinga forutsetter å avklare eventuelle konflikter med kulturminner og kulturmiljøer. Dersom tiltaket kommer i konflikt med automatisk fredede kulturminner, må kulturminnemyndighetene ta stilling til eventuell dispensasjon fra den automatiske fredningen. Undersøkelsesplikten i henhold til § 9 vert ivaretatt gjennom konsekvensutredningen.

Forurensningslova

Forskrift om begrensning av forurensning kap. 30 er fastsatt av Miljøverndepartementet 17 september 2009 (med ikrafttreden 1. januar 2010) med hjemmel i lov 13 mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven). Forholdet til forurensningslova avklarast gjennom vidare planarbeid og utgreiingar

Vannressursloven

Tiltakshavar må vurdere forholdet til vannressurslova med tanke på ev. utfyllinger i sjø.

Vannforskriften

Gir rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre ein mest mogleg heilskapleg beskyttelse og berekraftig bruk av vannførekomstane.

Øvrig lovverk

Det er ikkje kjent at ein må belyse tiltaket i forhold til eller vil kreve tillatelse etter anna lovverk. Det vert lagt til grunn at sektorstyresmaktene i samband med høyringa av konsekvensutgreiinga i så fall vil informere forslagsstillar om dette.

8. KRAV OG MÅL

8.1 Standardkrav

Standard på veg vert avklart gjennom vidare arbeid, då det er aktuelt å ta høgde for fremtidig høgare vegklasse. Dette er knytt mellom anna til avklaring om E134 arm til Bergen (KVU-2023). Gjennom forprosjekt og prosjektering så langt er vegklasse Hø1 lagt til grunn for arbeidet.

9. ALTERNATIV

9.1 0-alternativet

0-alternativet inneber at situasjonen vil vere som i dag, med naudsynt vedlikehald på vegsystemet.

Følgjande planar vert rekna som del av 0-alternativet:

- 4617_19950003 Reguleringsplan fv. 49 – Austrepollen – tunnelpåslag (trådte ikraft 26.01.1995)
- 4617_20050001 Reguleringsplan – Jondalstunnelen med tilkomstvegar (trådte ikraft 24.09.2009)
- 4617_20100003 Detaljregulering – massedeponi Jondalstunnelen – Mauranger (trådte ikraft 26.04.2012)

Kva for konsekvensar 0-alternativet vil få, vil gå fram av konsekvensutgreiinga. Forslaget til reguleringsplan vil for alle utredningstema bli vurdert opp mot 0-alternativet.

9.2 Alternativ 1: linje B-F


Alternativ 1 vert definert som linja mellom påhugg B i Nordrepollen og påhugg F i Austrepollen.



Figur 9-1 Påhuggområde B i Nordrepollen



Figur 9-2 Påhuggområde F i Austrepollen




Figur 9-3 Mogeleg løsning for alternativ 1 i Austrepollen

9.3 Alternativ 2: linje B-G/GI

Alternativ 2 vert definert som linja mellom påhugg B i Nordrepollen og påhugg G/GI i Austrepollen.



Figur 9-4 Påhuggområde G/GI i Austrepollen




Figur 9-5 Mogelege løysingar for alternativ 2 i Austrepollen

9.4 Alternativ 3: B- J

Alternativ 3 vert definert som linja mellom påhugg B i Nordrepollen og påhugg J i Austrepollen.



Figur 9-6 Påhuggområde for alternativ 3 i Austrepollen



Figur 9-7 Mogeleg løysning for alternativ 3 i Austrepollen

10. SAMFUNNSØKONOMISK ANALYSE

Det skal utarbeidast ei samfunnsøkonomisk analyse basert på handbok V712, utarbeida av Statens vegvesen 2021. Denne metoden er utarbeida spesielt for konsekvensutgreiing av transportprosjekt. Metoden varetek plan- og bygningslovas krav til konsekvensutgreiingar, krav til alternativvurderingar gitt

i Retningslinjer for planlegging av riks- og fylkesvegar og Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Miljødirektoratets metode M-1941 er òg vurdert brukt. Dette er ein metode som er utarbeida til bruk ved konsekvensar av alle planar og tiltak. Rettleiaren gir metodar for å kartleggje klima- og miljøtema, sette verdiar og vurdere påverknad og konsekvens. Det går fram av rettleiaren at for å lage ein fullstendig konsekvensutgreiing, må rettleiaren supplerast med fagrettleiare gitt ut av andre direktorat/departement. Det går fram at Handbok V712 inntil vidare kan nyttast for konsekvensanalysar av veg- og transportprosjekt (6).

Det vert vurdert at det er ulike fordelar med metodane kvar for seg. Slik metodane ligg føre idag, er det likevel vanskeleg å kombinere metodane, særleg knytt til grensesnitt mellom fag og fare for dobbelttelling ved samanstilling av samfunnsøkonomisk analyse. Ein har difor valt å gå vidare med å nytte V712 for prissette og ikkje-prissette fagtema i denne konsekvensutgreiinga (se figur 10.4).

Metoden i V712 er delt inn i prissette og ikkje-prissette konsekvensar. Hensikten med ein samfunnsøkonomisk analyse er å finne ut om eit tiltak er samfunnsøkonomisk lønnsamt eller ikkje, når både prissette og ikkje-prissette konsekvensar er tatt med (7). Under følgjer noko meir omtale av prissette og ikkje-prissette konsekvensar.

For andre fagtema enn prissette og ikkje-prissette (sjå figur 10.4; andre relevante fagtema), kan det vere formålstenleg å supplera med meir tilpassa metodikk.

10.1 Metodikk for prissette konsekvensar

Dei prissette konsekvensane er dei konsekvensane som er eigna til å berekne på ein økonomisk målestokk. Sagt på ein annan måte; konsekvensar som kan reknast i kroner og ører. I dette prosjektet vil kunnskap frå kostnadsoverslag i forprosjektet og nye anslag basert på erfaringstall leggjast til grunn for vurdering av dei prissette konsekvensane.

10.2 Metodikk for ikkje-prissette konsekvensar

Ikkje-prissette konsekvensar er konsekvensar som ikkje, eller vanskeleg, lar seg verdsette i kroner. Dei ikkje-prissette konsekvensane fokuserer på verknaden eit tiltak har på omgivnadane eller landskapet, og vert delt inn i fagtema: landskapsbilete, friluftsliv/by- og bygdeliv, naturmangfald, kulturarv og naturressursar.

Konsekvensutgreiinga vil omhandle tre hovedalternativ. Alternativet vert vurdert opp mot 0-alternativet/referansesituasjonen.


Konsekvensutgreiinga vert utført etter handbok V712 frå Statens vegvesen.

Utgreiinga av ikkje-prissette konsekvensar byggjer på ein systematisk tre-trinns prosedyre som følger handbok V712:

- Trinn 1 omfattar omtale og vurdering av status og verdi for kvart tema innanfor influensområdet. Verdi vert angitt på en femdelt skala: utan betydning – noko – middels – stor – svært stor. Det er for fleire tema utarbeida kriterier for fastsetting av verdi innanfor kvart fagtema, med utgangspunkt i ein felles verditabell for å sikre einsarta bruk av verdiskalaen.
- Trinn 2 omfattar ei vurdering av kva for type og grad av påverknad (positiv eller negativ) eit tiltak føre med seg for dei enkelte fagtema. Påverknad er eit uttrykk for endringar som det aktuelle tiltaket vil føre med seg for eit delområde. Påverknad vert angitt på ein femdelt skala: sterkt forringa – forringa – noko forringa – ubetydeleg endring – forbetra.
- Trinn 3 omfattar ei vurdering av konsekvens basert på ein syntese av verdi og påverknad.

Konsekvensen er ei vurdering av om eit definert tiltak vil føre med seg betring eller forringing i et område.

Skalaen for konsekvens går frå 4 minus (----) til 4 pluss (++++). Dei negative konsekvensgradene er knytt til ei verdiforringing av eit delområde, mens dei positive konsekvensgradene legg til grunn ei verdiauking, etter at tiltaket er realisert.



Figur 10-1 Konsekvensvifte – syner konsekvensane på bakgrunn av vurdering av verdi og påverknad (fra SVV sin V712).

Etter at konsekvensen for kvart delområde er utgreidd, vert det gjort ei samla konsekvensvurdering av kvart alternativ.

Tabell 6-4 Sammenstilling av konsekvens i metodens trinn 2

Delområder	Alt. 0	Alt. 1	Alt. 2	Alt 3
Delområde A				
Delområde B				
Delområde C				
Delområde D				
Delområde E				
Osv.				
Avveining				
Samlet vurdering ⁴⁴				
Rangering				
Forklaring til rangering				

Figur 10-2 Tabell for samanstilling av konsekvens for kvart fagtema. Henta frå handbok V712 (7).

10.3 Samanstilling ikkje-prissette fagtema

Når konsekvensvurdering er gjort for alle fagtema, vert det gjort ei vurdering av dei ulike alternativa for alle fagtemaa samla. Konsekvensane vert ført inn i ein tabell for rangering.

Tabell 6-6 Samlet konsekvens for de ikke-prissatte temaene

Tabell trinn 3	Referansealternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Landskapsbilde	0				
Friluftsliv / by- og bygdsliv	0				
Kulturarv	0				
Naturmangfold	0				
Naturressurser	0				
Avveining					
Samlet vurdering	0				
Rangering					
Forklaring til rangering					

Tabell 6-7 Kriterier for samlet vurdering av ikke-prissatte temaer

Skala	Trinn 3: Kriterier for fastsettelse av samlet konsekvens for ikke-prissatte temaer
Kritisk negativ konsekvens	Alternativet medfører svært alvorlig miljøskade. Brukes unntaksvis. Minst ett av de fem temaene har kritisk negativ konsekvens
Svært stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre svært stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har svært stor negativ konsekvens
Stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har stor negativ konsekvens
Middels negativ konsekvens	Alternativet er vesentlig dårligere enn referansealternativet Minst to av de fem temaene har middels negativ konsekvens
Noe negativ konsekvens	Alternativet er noe dårligere enn referansealternativet Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, Ingen temaer kan ha dårligere
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansealternativet Positive og negative konsekvenser oppveier hverandre. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, Ingen temaer kan ha dårligere.
Positiv konsekvens	Alternativet vil være bedre enn referansealternativet Minst to temaer med positiv konsekvens. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, Ingen temaer kan ha dårligere
Stor positiv konsekvens	Alternativet vil være vesentlig bedre enn referansealternativet Overvekt av temaer med positiv konsekvens. Ingen temaer kan ha dårligere enn noe negativ konsekvens.


Figur 10-3 Tabell for samla konsekvens for alle fagtema, samt kriterier for samla vurdering av ikkje-prissatte tema. Henta frå handbok V712 (7).

10.4 Andre utgreiingstema

I tillegg til tema som vert greidd ut etter metodikken i V712, er det vurdert behov for utgreiing av nokre andre tema:

- Trafikk og transport
- Massehandtering
- Støy
- Risiko og sårbarheit

10.5 Samanstilling og anbefaling



Figur 10-4 Hovudgrep for samanstilling av konsekvensutgreiing . Henta frå handbok V712 (7)

	ref-alt	Alt 1 (B-F)	Alt 2 (B-G/G1)	Alt 3 (B-J)
Prissatte konsekvensar - kostnader				
Landskapsbilete				
Naturmangfald				
Kulturarv				
Naturressursar				
Friluftsliv, by- og bygdlev				
Trafikk og transport				
Massehandtering				
Støy				
Risiko- og sårbarhet				

Figur 4-5 Oversikt over foreslåtte utgreiingstema

11. ANTATTE PROBLEMSTILLINGAR OG BEHOV FOR UTGREIING

I medhald av forskrift om konsekvensutredningar skal planprogrammet vere tilpassa omfanget og nivået på planarbeidet. Programmet skal omtale miljøforhold og naturressursar som vert råka, samt tiltakets eventuelle konsekvensar for miljø og samfunn. Det skal angis kva for utgreiingar som vert vurdert naudsynte for å gje eit godt grunnlag for avgjerd.

Avbøtande tiltak vert vurdert gjennom konsekvensutgreiinga.

Nedanfor følgjer ein oversikt over relevante problemstillingar, kjent kunnskap og ei vurdering av utgreiingsbehov knytt til nye veglinjer. Dette gjeld innanfor planområdet, men også i tiltakets influensområde.

11.1 Landskapsbilete

Eksisterande situasjon/kjent kunnskap

Landskapet i både Austrepollen og Nordrepollen er i dag prega av bratte dalsider med vegetasjon og fjell, og av jordbrukslandskap i dalbotnen. Bustader og næringsverksemd som kraftverk, pregar òg landskapet. Reguleringsplanane som er del av 0-alternativet legg til rette for ny kryssing av Austrepolluelva, og fylling i sjø i Austrepollen i samband med utbetring av dagens fv. 49.

Kunnskapsgrunnlag:

- NiN-landskap (Artsdatabanken)
- Kunnskapsgrunnlag frå regional plan for kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger
- Landskapstypekartlegging for Hordaland
- Befaring fagutreder

Metode for utgreiing

Landskapsbilete er her eit uttrykk for landskapet sine romlege- og visuelle eigenskapar med naturlege og menneskeskapte komponentar og element, som særpregar eit geografisk område. Det romlege og visuelle omhandlar korleis landskapet vert opplevd som fysisk form.


- Identifisere influensområde av tiltaket
- Heilskapsvurdering av inngrep i nye område, og av ny terreng- og landskapsforming. Tilpassing av nye element og tiltak blir vurdert opp mot landskapet sine kvaliteter.
- Utarbeida illustrasjonar frå relevante ståstader
- Landskapsøkologiske vurderingar knytt til topografi, barriereverknad og sentrale landskapselement/ -komponentar.
- Vurdering av lokalisering og utforming av permanente massedeponi

11.2 Naturmangfald

Eksisterande situasjon/kjent kunnskap

Vegetasjonen i det aktuelle området er prega av frodig edellauvskog som veks oppå skredmateriale og morene langs dei bratte fjellsida, og kulturmark langs elveløpet i begge dei aust-vestlege dalbotnane. Nærkontakt med fjorden gir lang vekstsesong, milde vintrar og elles vegetasjonstypar med oseaniske trekk (mykje kystplantar) (1).

I lia mellom Nordrepollen og Austrepollen er det eit større område med rik edellauvskog som er i kategori særst viktig naturtype. Området er vist i Figur 11-1.



Figur 11-1 Utsnitt med registrerte naturtyper og marine naturtyper i området. Utsnitt henta frå Fylkesatlas Vestland (5).

Det er registrert artar av stor og særleg stor forvaltningsinteresse nær eksisterande veg og i Austrepollen. Det er også registrert raudlista artar og framande artar i området. Registreringane er vist i kart i Figur 11-2.


Fjordarmane inn mot Austrepollen og Nordrepollen er registrert som lokale gyteområde for torsk (lågaste kategori).

Det er ingen naturvernområde i det aktuelle området.

Reguleringsplanane som er del av 0-alternativet legg til rette fylling i sjø i Austrepollen i samband med utbetring av dagens fv. 49. Det er lagt opp til fylling ut omtrent 70 meter frå land på det meste.

Kunnskapsgrunnlag:

- Naturbase: artar av nasjonal forvaltningsinteresse, prioriterte artar og arters funksjonsområder
- Artsdatabanken: Artskart som også viser registreringer over «vanlige» artar, alle andre rødlisterartar og fremmedartar
- Vann-nett – to rapportar om undersøkelse av laksefisk i seks regulerte vassdrag i Hardanger
- Kartlegging terrestrisk i aktuelle dagsoneområder i Austrepollen og Nordrepollen
- Kartlegging marint i Austrepollen
- Fagrapportar – konsesjonssøknad Mauranger kraftverk II



Figur 11-2 Kart som viser registrerte artar i Naturbase (8).

Metode for utgreiing

Konsekvensane for naturmangfald for dei ulike alternativa vil bli greidd ut i tråd med metoden i V712. Området og tiltaket vil òg bli vurdert ut frå naturmangfaldlova av 19. juni 2009 § 7 og §§ 8-12. Temaet omhandlar terrestriske (landjorda), limniske (ferskvatn) og marine (brakkvatn og saltvatn) system, inkludert livsvilkår (vass- og jordmiljø) knytt til desse. Konsekvensar av dei ulike alternativa for vassdraga Austrepolluelva og Øyreselva greies ut.

Naturmangfald vert med heimel i naturmangfaldlova definert som biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald som ikkje i hovudsak er eit resultat av menneskeleg påverknad. Verknader for landskapsmangfald i ei konsekvensanalyse vert omtalt under landskapstemaet. Elles dekker naturmangfaldtemaet lova sine omgrep.

Utgreiinga skal stille saman eksisterande kunnskap om dei verdifulle naturverdiene i området, og supplere avgjerdsrelevante kunnskapshol med kartleggingar og undersøkingar. Vidare skal det gjerast greie for konsekvensane av dei ulike utbyggingsalternativa for desse verdiene, og alternativa skal samanliknast. Det blir utført supplerande kartlegging på land og kartlegging i sjø som grunnlag for utgreiinga.

11.3 Kulturarv

Eksisterande situasjon/kjent kunnskap

Vurdering av tema kulturarv er henta frå Norconsult sin rapport (1):

I samband med planlegging av Jondalstunnelen med tilkomstvegar vart fleire tunnelstrekningar konsekvensutgreidd i 2003. I KU frå 2003 vart det definert 8 kulturmiljø frå Austrepollen i

Kvinnherad i sør til Skiparvik i Jondal i nord. Det vart definert to kulturmiljø i Austrepollen, eitt i Bussevikjo med liten til middels verdi (KM1) og Gjerdetunet med middels verdi (KM8). Bjødlurebasen er kartfesta på registreringskart, men ikkje verdsett i KU. Bjødlurebasen er funn av menneskebein frå yngre romertid (200-300 e.Kr.) i Bjødlura. Lokalt er det ei segn om basen som knyter denne til nyare tid, C14-datering av beinmaterialet viste at funnet er frå eldre jernalder. I Nordrepollen vart heile pollen definert som eit samanhengande kulturmiljø med stor verdi (KM2) i KU 2003. Utgreiingsområdet ligg om lag midt i Hardangerfjorden. Topografien er dramatisk med store høgdeskilnader og kort veg mellom fjord og høg fjell. Kulturhistoriske verdiar i Austrepollen og Nordrepollen knyter seg til dei slakare areala i pollane, kor det er spor etter aktivitet frå eldre jernalder og framover. Det er òg gjort lausfunn som peiker på aktivitet i steinalder, men det er per i dag ikkje kjent steinalderbuplassar i området.

Det er potensial for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne innanfor området. Dette gjeld både på land og i sjø. Kartet i Figur 11-3 viser registrerte kulturminne i området og SEFRAK-registrerte bygningar. Arkeologisk registrering gjennomføres før ferdigstilling av reguleringsplanen.



Figur 11-3 Registrerte kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg i området. Utsnitt henta frå Fylkesatlas Vestland (5).

Tidligere registrerte funn Austrepollen:

Gjerdetunet – gravrøys og gardstun med røykstove, stabbur og loft

Bussevikjo – naust frå 1800 tallet

Gjerde austre – naust frå 1800 tallet

Nerhus- gravhaug -gravfunn frå folkevandringstid – hellekiste, Sefrakregistrerte bygg 1800 tallet

Øvrehus – Sefrakregistrerte bygninger, enkeltminne bukskår av kleberkar (i åker på «Floto»)

Bjødluro – funn av menneskebein frå yngre romertid (225-320 e.kr) – fleire sagn knytt til området
Tidligere registrerte funn i Nordrepollen:
Kjøylo – Sefrakregistrert løe 1700 tallet

Kunnskapsgrunnlag:

- Riksantikvaren – askeladden
- Fagutredning frå konsesjonssøknad Mauranger II
- Det skal utføres arkeologisk registrering før vedtak reguleringsplan

Metode for utgreiing

Konsekvensane for kulturarv vert greidd ut i tråd med metoden i V712. Vestland fylkeskommune har vurdert om undersøkelsesplikta etter kulturminnelovas § 9 er oppfylt, og har vurdert det slik at arkeologisk registrering skal gjennomføres som ein del av reguleringsplanarbeidet.

Fagtemaet kulturarv omfattar spor etter menneskeleg verksemd gjennom historia knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. Kulturminne er her definert som *alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.* Kulturmiljø er definert som *eit område kor kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.* Kulturhistoriske landskap vert i denne samanhengen forstått som *større samanhengande område med kulturmiljø, kor den kulturhistoriske dimensjonen er tydeleg. Innanfor undersøkingsområdet er det særleg jordbruksmark som skapar samanhengen.*

Tiltaket sin innverknad på kulturminne og kulturmiljø skal greiast ut for både direkte og indirekte påverknad. Influensområdet er både nærområda til dei aktuelle vegalternativa (utgreiingsområdet), og områda kor tiltaket vil gje visuell påverknad på kulturmiljøa.


11.4 Naturressursar

Eksisterande situasjon/kjent kunnskap

Vurdering av tema naturressursar er henta frå Norconsult sin rapport (1).

I området er det registrert landbruk (fulldyrka, overflatedyrka jord og innmarksbeite), georessursar (pukk og grus) og fiskeri (gytefelt/fiskeplass). Landbruksareala er lokalisert i dalbotnen inst i begge pollane. Det er også registrert lokalitetar med sand og grus i same område, der lokaliteten «Øyre» i Nordrepollen er registrert som lite viktig, og lokaliteten i Austrepollen som viktig. Nordre- og Austrepollen er registrert som gytefelt/gyteområde for torsk (lokal viktig lokalitet med verdi C). I tillegg er fjordområdet registrert som fiskeplass med passive reiskap. KU frå 2003 skildrar eit rikt spekter av fiskeartar som vart fanga i Nordrepollen. Samtidig vart konsekvensen for fisk og yngelområdet vurdert til å vere lite påverka, ettersom fisk kan symje bort frå ugunstige forhold og at fyllingane var aktuelt å leggje på dei djupe områda i Nordrepollen og ikkje dei grunne oppvekstområda for yngel av mange fiskeartar. I samband med utfylling i sjø vil også siltgardiner rundt fyllingsområdet redusere spreiding av finstoff og dermed eventuelle skadar på fiskebestanden nær fyllingsområdet. I denne samanheng er det no aktuelt med fylling i den grunne Austrepollen, noko som kan endre bilete av tiltaket sin konsekvens for yngelområdet registrert i Austrepollen.

Figur 11-4 viser arealressurskart for området, og viser m.a. jordbruksområde i Austrepollen og Nordrepollen og store skogområde i lia langs fjorden.



Figur 11-4 Arealressurskart AR5, henta frå Fylkesatlas Vestland (5).

Metode for utgreiing

Konsekvensane for naturressursar vert greidd ut i tråd med metoden i V712.


Naturressursar omhandlar ressursar frå jord, utmark (beite, jakt og fiske), fiskeri, vatn (drikkevatt, grunnvatn, vassforsyning til næringsverksemd) og mineralressursar (industrimineraler, byggeråstoff, malmar og energimineraler). Naturressursar vurderast ikkje på eigedomsnivå, men som tilgjengelege ressursar ut i frå samfunnets interesser. Som ein del av planarbeidet skal det settes opp eit arealrekneskap knytta til beslag av dyrka mark for dei ulike alternativa.

11.5 Friluftsliv, by- og bygdeliv

Eksisterande situasjon/kjent kunnskap

I Nordrepollen er det to registrerte friluftsområde som ligg delvis innanfor planområdet. Det eine heiter Smalastølen og ligg opp i lia frå Nordrepollen. Det er registrert som stort turområde utan tilrettelegging. Det andre området heiter Øyresdalen og omfattar område langs elva i dalbotnen. Området er registrert som nærturterreng og er omtalt som ein rundtur i Øyresdalen.

I Austrepollen er det eit kartlagt friluftsområde som strekk seg like utanfor Folgefonntunnelen. Dette er registrert som stort turområde utan tilrettelegging. Det er ingen statleg sikra friluftsområde innanfor kartutsnittet.



Figur 11-5 Kartlagte friluftsområde innanfor planområdet. Henta frå Fylkesatlas Vestland (5).

Metode for utgreiing

Konsekvens for dei registrerte friluftsområda vert greidd ut i tråd med metoden i V712. Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøendring og naturoppleving. Begrepet by- og bygdeliv definerast her som opphald og fysisk aktivitet i byer og tettstader. Sentralt for temaet friluftsliv/ by- og bygdeliv er folks bruk og oppleving av det naturlege og menneskepåverka landskapet inklusiv eventuelle byer og tettstader.

Temaet omfattar ikkje motorisert ferdsel, næringsverksemd eller innandørs aktivitetar. Støy vert utgreidd som ein prissett konsekvens. I tema friluftsliv /by- og bygdeliv skal det utgreiast kva påverking støy har på folk sin bruk og oppleving av by- og friluftsområde.

11.6 Andre utgreiingstema

11.6.1 Transport og trafikk

Eksisterande situasjon/kjent kunnskap

Fv. 49 går i dag frå Folgefonnntunnelen, gjennom Austrepollen/Mauranger, langs sjøen rundt fjellet Ripelssåta, gjennom Nordrepollen og vidare gjennom Jondalstunnelen. Reguleringsplanane som er del av 0-alternativet legg til rette for utbetring av dagens veg der den ligg no, men med utretting av kurver slik

at det nokre stader vert fylt ut i sjø. I Austrepollen/Mauranger fortset fv. 500 i retning sørvest. Ifølgje Statens vegvesen sitt vegkart er ÅDT for fv. 49 i dette området 850, der andel tunge køyretøy er 15 %.

Metode for utgreiing

Det skal utførast ei vurdering av trafikkmengder og kryssløysingar med eksisterande veg. Forholdet til dimensjoneringsklasse og vegnormalane vert vurdert.

11.6.2 Massehandtering

Eksisterande situasjon/kjent kunnskap

Det er i dag eit massedeponi i Nordrepollen. Det ble regulert i samband med planlegging for Jondalstunnelen, for å ta vare på steinmassane.

I Austrepollen er det i reguleringsplan for Jondalstunnelen med tilkomstvegar, regulert for utfylling i sjø. Det er regulert for ei fylling på om lag 70 meter frå land på det breiaste.

Metode for utgreiing


Tiltaket vil føre med seg masseoverskot i ulik grad – løysingar for massedeponi skal utgreiast. Deponiområder skal avklarast som ein del av planarbeidet.

Grunnforhold skal undersøkjast og ligg til grunn for vurdering av konsekvens av tiltak, inkl massedeponi

11.6.3 Risiko og sårbarhet


Eksisterande situasjon/kjent kunnskap

Det er registrert aktsemdsoner for ras og skred, samt registrerte skredhendinger langs heile dagens fv. 49 mellom Austrepollen og Nordrepollen. Skredhendingene er i all hovudsak registrert som hendingar med konsekvens for samferdsel. I dalbotnane i Nordrepollen og Austrepollen er det markert utløpsområde for steinsprang og snøskred, mens det lengre opp i dalsidene er markert utløysningsområde.



Figur 11-6 Soner for aktsemd utløpsområde og utløsningsområde for steinsprang og snøskred. Det er òg registrert skredhendingar med konsekvens for samferdsel, og to skredhendingar med omkomne. Utsnitt henta frå Fylkesatlas Vestland (5).

Det er òg markert aktsemdsområde for flaum langs elvene Austrepolluelva og Øyreselva, samt langs nokre mindre bekker.



Figur 11-7 Aktsemdsområde for flaum, henta frå Fylkesatlas Vestland (5).

Metode for utgreiing

Det vert utarbeidd en ROS-analyse, i tråd med DSB sin veileder «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging – Metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planleggingen».

12. REGULERINGSPLAN


Det vil bli utarbeida detaljreguleringsplan med tilhøyrande føresegner for tiltaket. Som del av reguleringsplanen vert det utarbeida ein planomtale med konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutredningar av 21.06.2017. Planmateriale med konsekvensutgreiing vil basere seg på fastsett planprogram.

13. REFERANSER

1. **Norconsult AS.** *Fv107 Austrepollen - Nordrepollen, forprosjekt og silingsrapport.* 2018.
2. **Vestland fylkeskommune.** *Fv. 49 Nordrepollen - Austrepollen, Teknisk forprosjekt.* 2021.
3. **Statens vegvesen.** Statens vegvesen Vegkart. [Internett]
<https://www.vegvesen.no/nvdb/vegkart/v2/#kartlag:geodata/@600000,7225000,3>.
4. **Statkraft.** Mauranger kraftverk. [Internett] <https://www.statkraft.no/om-statkraft/hvor-vi-har-virksomhet/norge/mauranger-vannkraftverk/>.
5. **Fylkesatlas Vestland.** [Internett] Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune.
<https://www.fylkesatlas.no/>.
6. **Miljødirektoratet.** Veileder M-1941 Konsekvensutredningar for klima og miljø. [Internett]
<https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredningar>.
7. **Statens vegvesen.** *Håndbok V712 Konsekvensanalyser.* 2018, oppdatert 2021.
8. **Miljødirektoratet.** Naturbase. [Internett] <https://kart.naturbase.no/>.
9. **NIBIO.** Kilden. [Internett] <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/>.
10. **Riksantikvaren.** Askeladden. [Internett]
<https://askeladden.ra.no/AskeladdenRedigering/#dashboard>.

14. VEDLEGG

1. Merknadsdokument frå varsel om oppstart
2. Merknadsdokument frå høyring av planprogram



vestlandfylke.no